



Referat frå FAU-møte 13.06.2023

Møtt: Karen Kverneland Thomassen, Ole Amundsen, Ole Morten Haaland, Anette Lohne, Monica Bolstad Hagen, Marie Klakegg Grastveit, Marte Noor Andersen, Gerd Rusdal

Sak 12 22/23: Olweusundersøkinga for 4.-7. trinn

Markant auke i mobbetala samanlikna med 2021 og 2022. Fleire både som har blitt mobba «2-3 gonger i månaden eller oftare» og som har blitt mobba «eit år eller lengre». Skulepersonal arbeider i etterkant for å finna ut kven det er, med samtalar og ikkje-anonyme trivselsundersøkingar. To trinn skil seg ut positivt, og to negativt. Lite på digital mobbing, sjølv om ein veit om situasjonar – kanskje kunstig lågt? Positivt at dei aller, aller fleste fortel om mobbinga til nokon. Nokon utslag kanskje enkeltpersonar med dårleg dag? 197 elevar har svart. Vennedynamikk er i nokon tilfelle vanskeleg – treng ikkje ha fokus på å rangera eller å ha bestevennar.

Sak 13 22/23: Redegjørelse for arbeid med trygt skulemiljø på 6. trinn

Mykje arbeid over lengre tid. Nye lærarar i år. Mange ulike saker på individ. Skulen ville sjå på systemnivå kva som skjer – korleis gruppedynamikken er. Ein såg at elevar gjekk inn og ut av ulike roller over tid. Mykje ekstremt stygg og krenkande språkbruk. Situasjonen vart tatt opp på foreldremøte, inkludert eksempel. Foreldremøtet bestemte å sletta Snapchat. Skulen har arbeidd med dei enkle tinga – orden i gangane, banale ting og så vidare. Prøvde å få felles reglar på tvers, skule, fotball, speidar osv. Mykje arbeid med elevane òg – arbeidsgrupper, klassereglar m.m. Har enda opp i «Forpliktelsesskontrakt for trygt og godt skulemiljø» som elev, føresette og rektor signerer. Eige konsept, men drøfta med eksterne. Tips om å utdjupa punkta frå kontrakten – kva det skal innebæra. Litt skepsis til om kontrakten er det beste resultat ein kunne fått. Lærarar har òg delteke på fritidsaktivitetar – bra. Kunne ein gjort reglane til positive reglar?

Sak 14 22/23: Foreldrevennegrupper

Innspel frå tredjeklasseforeldremøte om å ha med foreldre på vennegruppene. Har vore diskutert på kommunenivå. Blir det positivt eller ikkje? For mykje med alle foreldre alltid. Finst andre arena for å bli kjent med andre foreldre.

Sak 15 22/23: Hjelpa med lekser på iPad

Innspel frå tredjeklasseforeldremøte om kor foreldre skal finna hjelp når elevane ikkje har bøker. FAU tenker at foreldre kan søka på internett, eller spør lærarar.

Sak 16 22/23: Bruka lokala inne på 17. mai

17. mai-komiteen får bruka sjølve Kvernhallen, men ikkje aulaen sidan det er umogleg å låsa av.

Sak 17 22/23: YouTube for kids og YouTube på læringsbrett

Ikkje styrt av skulen, men må takast vidare i kommunalt FAU. Anette tek det vidare.